

Tone og Tor Skræi
Fyresdalsvegen 1690
3870 Fyresdal

21.10.2021

Fyresdal Kommune
Avdeling Plan og Teknikk
3870 Fyresdal

Tilleggsopplysningar til søknad om driftshytte på Lie gnr. 88/1

Lie er ein eigedom med 2490 dekar som Tone og Tor Skræi overtok i 2003, dei har og eigedomen Haugen 44/1 og 2. På Lie har eigerane drive med jaktutleige og hytteutleige i generasjonar. Vi har drive med jakt og hytteutleie på begge eigedomane dei seiste 15 åra. Året 2020 var dei totale inntektene av jakt og hytteleige på kr 78.000 eks. mva. Vi kan etter anmodning legge fram næringsoppgåve som visar til at vi driv aktiv utleige av jakt med hytte på begge eigedomane.

Vi har ei hytte som ligg nede ved gardsbruket Lie og ei lita hytte som ligg midt oppi lia. Begge hyttene blir brukt i forbindelse med jakt og anna utleige. Vi ser at utleige markedet forandrar seg, det er nå etterspørsel etter hytte heilt oppe på heia.

Vi ynskjer og bygge ei driftshytte på gamle tufter på vollen etter støylen Stemstøyl som ligg midt i terrenget. Vi vil bygge hytta i tradisjonell utforming slik at den blir liggande fint i terrenget.

Ei ny hytte midt i terrenget vil kunne auke omsetninga og omfanget av utleiga. Det vil og styrke bruket både for oss og for neste generasjon.

På bakgrunn av ovanforståande opplysningar vonar vi herved at søknaden vår kan imøtekomast.

På forhånd takk for velvillig handsaming.

Med vennlig helsing
Tone og Tor Skræi

Tone Skræi

Budsjett for utleige av driftshytte på Lie gnr. 88/1

	2023	2024	2025	2026	2027
Inntekter	50.000	65.000	70.000	70.000	80.000
Utgifter					
Forsikring	5.000	5.000	6.000	6.000	6.000
Markedsføring	2.000	1.800	1.800	1.800	2.000
Utstyr	1.000	2.000	2.000	2.000	3.000
Andre kostnader	1.000	1.000	1.500	1.000	2.000
Avskrivning	10.000	10.000	10.000	10.000	10.000
Totale utgifter	19.000	19.800	21.300	20.800	23.000
Resultat	31.000	45.200	48.700	49.200	57.000